

Praktisk informasjon om Treungen barnehage



Barnehageåret 2018 – 2019

Desse møter du i Treungen barnehage:

I løpet av hausten -18 vil det skje ei endring av den administrative organiseringa i Treungen barnehage.

Gro Midtsund går over i ei rein administrativ stilling som einingsleiar for barnehagane i kommunen.

Ny styrar i Treungen barnehage frå medio oktober 2018:

Asbjørn Aune,- 100% styrar i Treungen barnehage. Telefon: 350 48 477

Asbjørn er 56 år kjem frå Sortland. Han har lang erfaring som styrar i ulike barnehagar. Vi ønsker han velkommen til barnehagen og håpar han vil trivast hos oss.

Småbarnsavdelinga:

Småbarnsavdelinga har plass til 18 barn i alderen 1-3 år. Kor mange barn det er pr. dag vil variere frå dag til dag.

Desse jobbar her:

Inger Margrethe Kleven, pedagogisk leiar 100%

Jorun Marie Johansson, pedagogisk leiar 100%

Signe Marie Svalestog, Barnehagelærer 40%

Trine Trontveit, fagarbeidar 86%

Ingunn Eriksen, fagarbeidar 80%

Lilly Espeland, assistent 80%

Liv Lia, assistent 80%

Gunhild Marie Bø 40%

Knytt til eitt barn på småbarnsavdelinga:

Solveig Viola Holskar, spesialpedagog 100%

Ingrid Røsvik, fagarbeider/spesialpedagog 40%

Stor avdeling:

Stor avdeling har plass til 24 barn i alderen 3-5 år.

Desse jobbar her:

Monica Hauge, pedagogisk leiar 80% stilling

Turine Wik Kåsa, pedagogisk leiar 85%

Caroline Spies, assistent 100%

Morten Rygh Pedersen, assistent 100%

Vigdis Eilefstjønn 20%

Eining for barnehage har 50% spesialpedagog. Denne er det Signe Marie Svalestog som har.

Barnehageåret 2018/19 vil Sandrine Bwiza ha språkpraksis hos oss torsdagar og fredagar.

Vikarer vi nyttar kan vera:

Gunhild Marie Bø
Sikharintharn N. Kleven
Tove Gry Nes
Kristina Skårdal
Inger Jeanett Retterholt

Praktisk informasjon:

Barnehageåret tek til i veke 33 og sluttar i veke 32 året etter.

Opningstid:

kl. 07.15 – 16.45

Barnehagetilbodet er for barn frå alle skulekrinsane i kommunen.

Barnehagen er godkjent for barn frå 1 år.

Føresette kan velje mellom 2-, 3-, 4- og 5 dagars tilbod.

Føresette kan søke om endring av tilbodet.

Frist for oppseiing av plass er ein måned gjeldande frå den fyrste i fylgjande måned, Barna har opphaldstida si frå kl 7.15 og må vera ute av barnehagen innan kl 16.45.

Tilvenning:

Tilvenning i barnehagen er ofte ei utfordring for både foreldre og barn. Ein kjem skjeldan gjennom dette utan gråt og dårleg samvit. Desse kjenslene er heilt naturleg. Viktige nøkkelord er tryggleik, trivsel og gradvis tilvenning.

Fyrste mål i tilvenninga er å etablere ein trygg base. Gje barnet den tida det treng for å finne seg til rette. Vær saman med barnet ditt i barnehagen den fyrste tida.

Det er individuelt korleis barn tilpassar seg sin nye kvardag.

Kor lang overgangstid som trengs må foreldre og personalet diskutere.

Nissedal – ein trafikksikker kommune:

Nissedal har - som den fyrste kommunen i landet, fått status som trafikksikker kommune. Ei slik godkjenning er eit kvalitetsstempel for godt, målbevisst og heilhetleg arbeid med trafikksikkerhet.

For barnehagane inneber dette at vi har stort fokus på korleis vi skal unngå ulykker i barnehagen. Trafikkopplæring skal vera ein del av det pedagogiske arbeidet.

Personalet skal vera svært bevisst si rolle som rollemodell for barna.

Det er utarbeidd retningslinjer og rutinar for å unngå ulykker i HMS-arbeidet vårt.

I samanheng med dette ynskjer vi eit nært samarbeid med foreldre.

Vi ynskjer at foreldre er:

- er medviten si rolle som rollemodell for barna
- at dei sikrar barna forskriftsmessig i bilen, - også på korte turar
- at barna går saman med foreldra ut på parkeringsplassen
- at porten inn til barnehagen alltid blir stengt
- at bilen ikkje går på tomgang utanfor barnehagen

Ferie:

Foreldre/føresette betalar for barnehageplassen 11 månader i året.

I fylgje vedtektene skal barna ha fire vekers ferie i løpet av eit barnehageår. Av desse ferievekene skal tre veker vera samanhengande om sommaren. Ferien skal meldast barnehagen innan 20.april i ferieåret.

Barnehagen er stengt to veker i juli, - veke 29 og 30.

Jul - Påske:

Barnehagen er stengt julaften, nyttårsaften og i virkedagane mellom jul og nyttår, og dagane mellom palmesøndag og skjærtorsdag.

Planleggingsdagar

Personalet har 5 planleggingsdagar i løpet av eit barnehageår. Desse dagane er barnehagen stengt.

Planleggingsdagar for barnehageåret 2018-2019:

- Mandag 13.august 2018
- Tysdag 14.august 2018
- Fredag 26.oktober 2018
- Onsdag 2.januar 2019
- Fredag 8.februar 2019



Kjøp av dagar:

Barn som har plass i barnehagen kan kjøpe ekstra dag dersom det er ledig kapasitet.

Det er pedagogane på avdelinga som har mynde til å gjera avtalar om kjøp av dagar.

Foreldre/føresette betaler for dagen gjennom systemet for foreldrebetaling.

Pris pr. dag er kr. 360,- + kr. 20,- for mat.

Det er ingen syskenmoderasjon på dette tilbudet.

Påkledning:

Barna må vera kledd for å vere ute i all slags vær.

Ytterklede må de ta med heim for vask og tørk ved behov.

Sjukdom:

Allmenntilstanden hos barnet må vere slik at det kan fylgje opplegget i barnehagen (Sjå eige skriv frå helsesyster og kommunelege)

Er de usikre, kontakt lege/helsesyster før de reiser til barnehagen.

Samarbeid med andre instansar:

- Helsestasjonen
- PPT (pedagogisk-psykologisk-teneste)
- Barnevernstenesta

Desse tenestene gjev råd og rettleiing, og hjelper til med å legge til rette for opplegg ved særskilte behov.

Alt slikt samarbeid og tilrettelegging skjer i nært samarbeid med foreldra.

Helsestasjonen ynskjer òg eit samarbeid med barnehagen i samband med dei ulike kontrollane barna blir kalla inn til i førskulealder.

Samarbeid barnehage - skule:

Rammeplanen pliktar kommunen til å lage ein plan for overgang barnehage- skule.

Planen vedrørande overgang barnehage/skule i Nissedal blir sendt ut til dei aktuelle heimane. Denne planen inneheld ulike aktivitetar som skal vere med på å gjere overgangen så trygg som mogleg.

Foreldrerådet

Foreldra/føresette til alle barn i barnehagen er medlemar i foreldrerådet.

Samarbeidsutval:

Kvar barnehage skal ha eit samarbeidsutval som er sett saman av foreldre og tilsette med lik representasjon.

Eigar er representert gjennom einingsleiar/styrar som og fungerer som sekretær for utvalet.

Samarbeidsutvalet har uttalerett i saker vedrørande drift av barnehagane.